



Berekraftig
Reisemål

2024 Årsrapport
BEREKRAFTIG REISEMÅL

VISIT SUNNHORDLAND



Årsrapport for arbeidet med Berekraftig reisemål – Sunnhordland 2024

Destinasjonsskapet Visit Sunnhordland dekkjer i dag kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Desse kommunane utgjer geografien for denne rapporten og dannar til saman reisemålet Sunnhordland.

1. Forord

Denne rapporten skildrar strategiar og aktivitetar som har bidrige til å utvikle Sunnhordland til eit meir berekraftig reisemål i løpet av 2024. Rapporten gir også ei oversikt over relevant statistikk som vert brukt for å måle berekraft på reisemålet. Dette er den tredje årsrapporten for berekraftsarbeidet etter at Sunnhordland blei godkjent som Berekraftig Reisemål gjennom merkeordninga til Innovasjon Norge juni 2021 og i 2024 blei Sunnhordland førstegongs remekta.

I 2024 blei det også vedteke å omorganisere styringsgruppa for berekraftsarbeidet i regionen. Den tidlegare styringsgruppa blei formelt om-

danna til ei destinasjonsleiing, for å sikre betre representasjon og langsiktig forankring. Val av ny destinasjonsleiing blei gjennomført i april 2025.

Den nye destinasjonsleiinga består av representantar frå fleire sektorar og aktørar:

- Reiselivsnæringa - små og store verksemder
- Kommunane i Sunnhordland
- Frivillige organisasjonar og lag
- Hamner og hamnemyndigheter

Visit Sunnhordland har ansvar for koordinering og gjennomføring av arbeidet, i tett samarbeid med kommunane og andre sentrale aktørar i regionen.

Arbeidet med å utvikle Sunnhordland som eit berekraftig reisemål er eit breitt samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kvar enkelt reiselivsbedrift spelar ei viktig rolle i utviklinga mot eit meir berekraftig reisemål.

Hilde Eide Helland

Reiselivsansvarleg



Innhald

Forord	02
Forankring.....	04
Natur, kultur og miljø.....	05
Økonomisk levedyktighet.....	08
Utfordringar for utvikling av reiselivet i Sunnhordland	11
Suksesshistoriar.....	13
Formidling av rapporten.....	14



2. Forankring

2.1 Reiselivsstrategi Sunnhordland 2024 -2027

I 2023 blei arbeidet med revisjon av reiselivsstrategien for Visit Sunnhordland ferdigstilt. Den nye Strategiplanen 2024–2027 vart fullført sommaren 2023 og sendt ut til orientering i alle kommunestyra i Sunnhordland.

Vidare orienterte Visit Sunnhordland i 2024 om strategien og resertifiseringsarbeidet både i alle kommunestyre og på formannskapskonferansen i Sunnhordland.

Strategien vart formelt godkjent av representantskapet i Region Sunnhordland for Sunnhordland i februar 2024, og dannar no grunnlaget for det vidare arbeidet mot utvikling av Sunnhordland som eit attraktivt, heilårig og berekraftig reisemål.

Etter godkjenninga er strategien gjort offisiell, sendt ut til alle medlemsbedriftene og gjort offentleg tilgjengeleg på nettsida regionsunnhordland.no/visitsunnhordland.

Hovudmål i strategiplanen 2024–2027:

«Bidra til ei framtidsretta, berekraftig og koordinert utvikling av reisemålet Sunnhordland. Med effektar i auke i volum og verdi (tilreisande) og fleire heiltids-arbeidsplassar.»

Regional attraktivitet (FN 8, 9, 11, 12, 17)

Arbeide for å etablere Sunnhordland som eit sterkt reisemålsomgrep. Utvikle eit målgrupperetta marknadskonsept med UNESCO Geopark som utgangspunkt. Maksimere effektane av Berekraftig Reisemål-sertifisinga for synleggjering og attraktivitet av regionen.

Innhaldsutvikling (innovasjon og pakket-ering) (FN 8, 11, 17)

Identifisere og vidareutvikle reiselivsprodukt på tvers av aktørar. Kartlegge og setje saman marknadskonsept basert på eksisterande tilbod. Leggje til rette for innovasjon, utvikling og opprette ein opplevingsdatabase for operatørar og MICE-marknaden.

Berekraftig reisemål (FN 8, 9, 11, 12, 17)

Operasjonalisere konkrete tiltak knytt til sertifisinga som Berekraftig Reisemål for å sikre kontinuerleg utvikling og etterleving.

Kompetansestyrking i reiselivet (FN 4, 8)

Styrke kompetanse innan prioriterte område som marknadsføring, digitalisering, konseptualisering og besøksforvaltning.

Kapital (FN 8, 17)

Byggje opp eit sterkare økonomisk fundament for Visit Sunnhordland, utvikle forningsmodellen og sikre ekstern prosjektfinansiering gjennom aktiv søknadsarbeid.

Samhandling og nettverksbygging (FN 8, 11, 17)

Arbeide for å sikre reiselivet i Sunnhordland betre deltaking og resultat i felles utviklingsprosjekt, felles marknadsføring og nasjonale initiativ.




Foto over © Heidi Kvamsdal

3. Natur, kultur og miljø

3.1 Tiltak for å gjøre Sunnhordland til eit meir miljø- og klimavenleg reisemål

I Sunnhordland er det gjennomført fleire tiltak dei siste åra som støttar utviklinga av eit meir berekraftig og klimavenleg reisemål.

Nokre av dei viktigaste initiativa i 2024:

UNESCO Global Geopark

Geopark Sunnhordland oppnådde UNESCO-status i 2024, med fokus på vern av natur, geologi, formidling av berekraft og utvikling av læremateriell, skilting, naturvernstiltak og grøn transportløysingar.

Remarking som Berekraftig Reisemål

Sunnhordland vart remerka hausten 2024 etter ei grundig evaluering. Dette har styrka fokuset på naturforvaltning,

lokalsamfunnsinteresser, miljøsertifisering og heilårsturisme.

Miljøsertifisering av verksemder

Nye medlemsbedrifter som Haaheim Gaard, Åkrafjorden Oppleveling og Moster Amfi har oppnådd Miljøfyrtårn-sertifisering, og fleire andre er i prosess.

Kartlegging og synleggjering

Visit Sunnhordland har kartlagt miljøsertifiserte aktørar for betre digital synleggjering på nettsider og andre kanalar.

Forprosjekt "Sunnhordland Heile Året"

Starta opp i 2024 for å kartlegge heilårspotensialet i regionen og utvikle strategiar for auka heilårsturisme. – Ut av for-

prosjektet er det søkt om hovudprosjekt for å heve kompetanse rundt regenerativ turisme og utvikle salbare produkt på dette området.

Besøksforvaltningsprosjekt

Visit Sunnhordland deltek i Vestland fylkeskommune sitt besøksforvaltningsprosjekt for å sikre berekraftig forvaltning av sårbare område som Folgefonna og Åkrafjorden.

Synleggjering av miljø- og klimaarbeid

Arbeidet med å profilere miljøsertifiserte bedrifter på Sunnhordland sine digitale plattformer er vidareutvikla i 2024.

Deltaking i ressursgrupper

Visit Sunnhordland held fram med deltaging i dei nasjonale ressursgruppene for Berekraftig Reisemål, med fokus på marknadsføring, lokalmat og drift/finansiering.



3.2 Involvering av Sunnhordland-gjesten

Nytt Sunnhordlandskart med ny layout vart produsert og trykt i 2024. Det nye kartet har gitt meir fokus på aktivitet og berekraftig val gjesten kan gjere i regionen vår. (7 grep gjesten kan gjere for å bli ein meir ansvarleg gjest.

Det vart gjennomført ein større oppgradering på nettsida(visitsunnhordland.no) som har ført til betre informasjonsdeling og auke i besøkstal på nettsida.

3.3 Involvering av innbyggjarane i Sunnhordland

Nytt Sunnhordlandskart med ny layout vart produsert og trykt i 2024. Det nye kartet har gitt meir fokus på aktivitet og berekraftig val gjesten kan gjere i regionen vår. 7 grep gjesten kan gjere for å bli ein meir ansvarleg gjest.

Det vart gjennomført ein større oppgradering på nettsida (visitsunnhordland.no) som har ført til betre informasjonsdeling og auke i besøkstal på nettsida.

3.4 Involvering av tilsette i reiselivet i Sunnhordland

I 2024 vart det gjennomført kick- off for reiselivet på Sunnhordland Museum med tema, verdiskaping av reiselivet i Sunnhordland.

Det vart arrangert reiselivsseminar med inspirasjon til utviding av sesong og ein eigen workshop.

Arbeidsmøte i prosjektet «Sunnhordland heile året». Dette har ført til at søknad har gått inn til Fylkeskommunen på nytt hovudprosjekt rundt regenerativ turisme.

I resertifiseringsrunden deltok fleire bedrifter i leveransen og under kontrollbesøket frå Innovasjon Norge.

Medlemer av Visit Sunnhordland mottek nyheitsbrev med oppdateringar på kva som skjer i reiselivet, kva dei

3.5 Vidare innsatsområde framover

- Utvikle betre system for synleggjering av grønne bedrifter på nett og i materiell.
- Auke andelen miljøsertifiserte bedrifter i regionen.
- Fortsette arbeidet med besøksforvaltning og naturtilrettelegging i samarbeid med kommunane og Geoparken.
- Stimulere til grøn transport og lågutsleppsløysingar for reiselivsgjestene.
- Kunnskapsauke på regenerativ turisme.



3.6 Andel miljøsertifiserte reiselivsbedrifter i Sunnhordland

Miljøsertifisering er eit viktig verkemiddel for å systematisere arbeidet med berekraft i organisjonar og verksemder. For reiselivet i Sunnhordland er målet å auke andelen miljøsertifiserte bedrifter, i tråd med krava for Merket for Berekraftig Reisemål.

Visit Sunnhordland kartlegg jamleg andelen miljøsertifiserte medlemsbedrifter.

Per 2024 har fleire store aktørar som Haaheim Gaard, Åkrafjorden Oppleving og Moster Amfi oppnådd miljøsertifisering. Likevel er andelen totalt sett framleis låg, særleg blant mindre aktørar og serveringsbedrifter.

Det er ein føresetnad for vidare resertifisering som Berekraftig Reisemål at destinasjonsskapet sjølv har miljøsertifisering (gjennom Region Sunnhordland), og at andelen miljøsertifiserte reiselivsbedrifter aukar over tid.

Visit Sunnhordland informerer med jevnemellemrom om forskjellige sertifiseringsordningar gjennom nyheitsbrev, medlemsmøte og gjennom bedriftsmøter.

Ei utfordring me har sett spesielt det siste året, er at fleire kommunar har enten bevist valt å gå ut av miljøfyrtårnsertifiseringa eller ikkje levert på resertifisering. Dette kan ha negativ effekt for kommuneadministrasjonane, og kan få negativ utviklinga av sertifiserte bedrifter i kommunane. Per. 31. 12. 2024 var kun 4 kommunar sertifisert/re-sertifisert med Miljøfyrtårn, mot 7 den 31.12.2023. Årsaker til utmeldingane vert skulda økonomi og ressursar.

Oversikt over miljøsertifiserte medlemsbedrifter i Sunnhordland

- [Mandelhuset](#), Tysnes - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter](#), Bømlo - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Haaheim Gaard](#), Tysnes - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Bekkjarvik Gjestgiveri](#), Austevoll - Miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Stord Hotell](#), Stord - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Åkrafjorden Oppleving](#), Etne - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [L. Rødne & Sønner](#), Stavanger (opererer i Sunnhordland - Miljøsertifisering: mijøfyrtårn)
- [Tide Buss](#), Bergen/Stord - miljøsertifisering: ISO 9001, ISO 14001, ISO 45001, ISO 39001
- [Folgefonnaenteret](#), Kvinnherad - miljøsertifisering: Miljøfyrtårn
- [Engesund Visningssenter](#), Fitjar - miljøsertifisering: ASC og Global GAP

Status 2024


Visit Sunnhordland har totalt 62 medlemsbedrifter.

Av desse er 10 miljøsertifiserte (7 Miljøfyrtårn-sertifiserte + 3 med annan tredjepartssertifisering).

Sertifiseringsgrad: 10 av 62 bedrifter = 16,13 %.

Merknader

Miljøfyrtårnsertifiseringar er kontrollert mot offisiell liste frå Miljøfyrtårn sine nettsider.



4. Økonomisk levedyktighet

2024 har vore eit positivt år for reiselivet i Sunnhordland. Regionen opplevde ein auke på 8 % i gjestedøgn samanlikna med 2023, noko som viser ein tydeleg vekst både i volum og attraktivitet. Mange reiselivsbedrifter rapporterer om stabil eller betra drift, og fleire har opplevd gode resultat særleg i skuldersesong.

Verdiskapingstal frå Innovasjon Norge og Menon viser at reiselivsnæringa i Sunnhordland bidrog med om lag 502 millionar kroner i samla verdiskaping i 2023, og utviklinga i 2024 held fram i positiv retning.

Samtidig påverkar høgare kostnader som energipriser, rentenivå og inflasjon lønsemda til fleire aktørar. Mange bedrifter merkar press på marginane, og det er framleis utfordringar knytt til å hente inn auka kostnader gjennom prisjusteringar.



Verdiskapning 2023 (1000 kr)

Overnattingsvirksomhet	Serveringsvirksomhet	Kultur og underhaldning	Transport	Formidling	Sum
15 615	23 407	1 167	1 879	85	42 153
917	6 101	0	7 404	0	14 421
2 020	23 654	9 529	14 942	53	50 198
72 294	100 165	8 678	42 735	4 384	228 256
10 224	1 947	0	0	0	12 171
18 124	28 549	290	17 451	432	64 846
29 658	17 645	72	9 519	25 068	81 962
108	5 407	3 282	-9	0	8 788
					502 794

Kjelde: Innovasjon Norge, innsikt, verdiskaping

4.1 Reiselivets verdiskaping i Sunnhordland

Reiselivet i Sunnhordland har hatt ein positiv utvikling dei siste åra, og i 2023 utgjorde den samla verdiskapinga om lag 503 millionar kroner.

Dette omfattar aktivitet innan overnatting, servering, kultur, transport og formidling på tvers av kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Kvinnherad, Austevoll og Tysnes.

- Stord står for den største andelen, med ei verdiskaping på 228 millionar kroner i 2023, spesielt innan servering og overnatting.
- Austevoll er nest størst, med om lag 82 millionar kroner i samla verdiskaping, særleg innan servering og formidling.
- Kvinnherad og Bømlo følger med høvesvis 65 millionar kroner og 50 millionar kroner.
- Etne og Kvinnherad har hatt ein positiv utvikling innan oppleveling og heilårsturisme.

Gjestedøgsvekst

Det har vore ein positiv vekst i kommersielle gjestedøgn i Sunnhordland i 2024, med ein auke på om lag 8 % samanlikna med året før. Dette syner at regionen i aukande grad klarer å trekke til seg fleire gjester også utanom sommarsesongen.

Samla vurdering

Trass i utfordringar med kostnadsauke som følgje av høgare straumprisar, renter og generell inflasjon, har reiselivet i Sunnhordland vist stor motstandskraft. Veksten i skuldersesongane (vår og haust) er spesielt gledeleg, og gir betre grunnlag for heilårsarbeidsplassar og meir stabil verdiskaping i reiselivet.

Kjelde:

[Ringverkandsanalyse frå Menon 2019](#) og
[Asplan Viak/Innovasjon Norge](#)

4.2 Utvikling i gjestedøger

I 2024 vart det registrert totalt 257 420 overnattingar i Sunnhordland, ein god auke på 8 % samanlikna med året før. Dette viser at Sunnhordland er ein region i vekst. Få regionar hadde større vekst en Sunnhordland i Norge i 2024. Det skal nemnast at me har ein god flyt av yrkestrafikk, men denne opplevde nedgang i 2024. Den einaste marknaden som opplevde auke i 2024 var ferie & fritidsmarknaden.

Norske gjester stod for 66 % av overnattingane (169 069), medan utanlandske gjester stod for 34 % (88 351), ein vekst på 30 % frå 2023.

Blant dei utanlandske marknadene var Tyskland størst med 38 923 overnattingar (+3 %). Polen hadde sterkt vekst (+751 %, yrkestrafikk), medan Nederland viste ein nedgang (-16 %).

Overnattingsforma fordelte seg mellom hotellovernattning og camping-/hytteovernattning, der utanlandske gjester i stor grad nyttar camping og hyttegrender. Camping og hyttegrender er det markedet me ser størst vekst i, dette følger den nasjonale trenden.

Me har sett ei større auke i Airbnb overnattingar i Sunnhordlandsregionen, dessverre har me ikkje sikre tal frå denne aktøren. Dette er noko som det jobbast med i frå fylke og nasjonalt nivå for å få betre oversikt over.

Kjelde: [Visit Norway innsikt](#)

4.3 Sysselsetting

I 2023 var det registrert 1 936 tilsette i reiselivsnæringa i Sunnhordland (K4), mot 1 878 tilsette i 2024. Nedgangen på om lag 3 % kan skuldast ei stabilisering av aktiviteten etter pandemiåra, særleg i lågsesongen. Men det er ikkje ukjent at det manglar folk og kompetanse i reiselivet etter pandemien. Problemet med rekruttering til reiselivsnæringa starta før pandemien, med ein nedgang i talet på søkerar til både utdanningar og stillingar i bransjen.

Dette skjedde sjølv om reiselivet har fått ein stadig viktigare rolle i utviklinga av destinasjonar og som ein bidragsytar til bulyst i regionane.


Per 1. januar 2025 var det registrert totalt 353 arbeidsledige i Sunnhordland, ifølgje tal frå SSB og NAV. Dette gir ei relativt låg arbeidsledighet på regionalt nivå, men viser at reiselivet framleis er sårbart for sesongvariasjonar.

- 4611 Etne - 22 ledige
- 4612 Sveio - 27 ledige
- 4613 Bømlo - 81 ledige
- 4614 Stord - 71 ledige
- 4615 Fitjar - 11 ledige
- 4616 Tysnes - 17 ledige
- 4617 Kvinnherad - 93 ledige
- 4625 Austevoll - 31 ledige

Totalt arbeidsledige pr 01.01.2025: 353 personar

Kjelde:

[SSB rapport 07984 Sysselsetting, registerbasert – nav.no «Heilt ledige»](#)





4.4 Utvikling i medlemsbedrifter

Medlemstalet i Visit Sunnhordland har vore stabilt gjennom 2024, og ligg no på 62 medlemsbedrifter.

Det er framleis fokus på å rekruttere nye medlemmar, men utviklinga har vore påverka av fleire forhold, inkludert eigarskifte hos enkelte aktørar og nokre konkursar.

Det er vedteke i ny strategi og handlingsplan at det skal setjast i gang strategiske tiltak for å auke medlemsmassen framover.

Dette inneber meir målretta arbeid for å rekruttere nye reiselivsaktørar, spesielt i lys av at det stadig kjem nye etableringar i regionen.

Visit Sunnhordland vil i 2025 arbeide systematisk med å styrke medlemsgrunnlaget, blant anna gjennom:

- Tydeleggjering av medlemsfordelar
- Oppfølging og støtte til nye aktørar
- Synleggjering av verdien av å vere del av eit berekraftig og heilårig reisemål

4.5 Utvikling økonomi for destinasjonsselskapet

Visit Sunnhordland har hatt ein stabil, men pressa økonomi dei siste åra. Støtte frå Vestland fylkeskommune i form av covid-midlar var avgjerande for å halde drifta oppe gjennom pandemien. Etter målretta budsjettjusteringar i 2024, enda selskapet med eit overskot på om lag 90 000 kroner. Per 31.12.2024 har Visit Sunnhordland ein opptjent eigenkapital på cirka 550 000 kroner.

I 2024 har økonomien framleis vore stabil, men med lågt handlingsrom. Det vart derfor gjort vedtak om justering av medlemsinntektene, som vil tre i kraft frå 2025, for å styrke den faste finansieringa.

Selskapet har i 2024 jobba aktivt med å effektivisere interne rutinar, mellom anna ved å ta i bruk ny teknologi for betre ressursbruk innan innhaltsproduksjon, oversetjingar og handtering av sosiale medium. Dette har styrkt synlegheita og effektiviteten utan stor kostnadsauke.

Likevel er det klart at det må settast i verk nye tiltak i 2025 for å sikre økonomisk berekraft på lengre sikt. Dette inkluderer både auka eigenfinansiering, nye prosjektmidlar og styrkt samarbeid med næringslivet og kommunane.

For å styrke økonomien i 2025 vil Visit Sunnhordland fokusere på auke medlemsinntektene, rekruttere fleire medlemmar, søke prosjektfinansiering, styrke samarbeid med næringslivet, effektivisere drift og utvikle nye inntektsmodellar.

5. Utfordringar for utvikling av reiselivet i Sunnhordland

Arbeidet med å vidareutvikle Sunnhordland som eit berekraftig reisemål er inne i ei viktig fase. Kontrollørrapporten frå remeringa i november 2024 har peika på fleire sentrale utfordringar som må adresserast.

5.1 Styrking av økonomi og slagkraft i Visit Sunnhordland

For å realisere utvikling og vekst i reiselivet, må Visit Sunnhordland styrke si økonomiske berekraft og ressurskapasitet. Det er behov for fleire parallelle tiltak:

- **Gjere medlemskap meir attraktivt:** Utvikle konkrete medlemsfordeler, kompetansetilbod og sterkare synleggjering for å auke andelen reiselivsbedrifter som er aktive medlemmar.
- **Gjere medlemsfinansieringa meir innbringande:** Vurdere justering av kontingenstruktur og tenester for å sikre betre eigenfinansiering.
- **Auke kommunal og regional støtte:** Styrke forankringa av reiselivssatsinga i Region Sunnhordland og kommunane, med auka medfinansiering.
- **Utnytte prosjektfinansiering:** Aktivt søkje støtteordningar innan reiseliv, innovasjon, miljø og kompetanse, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

5.2 Utvikling av heilårsturisme

Sunnhordland er i dag primært ein sommar-destinasjon. Å få på plass fleire heilårstilbod er ein nøkkelfordring, men fleire faktorar gjer arbeidet krevjande:

- **Kollektivtransport:** Avgrensa kollektivtilbod utanom høgsesongen gjer det vanskeleg å bevege seg mellom attraksjonar og kommunar.
- **Opningstider og aktivitetstilbod:** Mange aktørar stenger delar av året, som skaper ein ond sirkel der mangel på tilbod fører til få gjester – og omvendt.
- **Turistvekst vs. tilbod:** Utan ein viss auke i heilårsturisme kan det vere økonomisk krevjande for aktørane å halde ope, samstundes som tilbod må vere på plass for å tiltrekke fleire heilårsgjester.
- **Økonomi:** Å drive heilårsverksemd krev investeringar og driftstilskot som mange små og mellomstore aktørar har utfordringar med å finansiere.

5.3 Strategisk forankring

I det vidare strategiarbeidet er det kritisk å ta utgangspunkt i:

- **Nasjonale og regionale føringar:** Reise- og besøksforvalningsstrategiar frå Innovasjon Norge, Vestland fylkeskommune og andre nasjonale aktørar må leggjast til grunn.
- **Standard 3.0 for Berekraftig Reisemål:** Den vidare utviklinga av reisemålsstrategi og handlingsplan må integrere indikatorane og tema som Standard 3.0 stiller krav om, for å sikre at Sunnhordland oppfyller framtidige krav og forventingar.

5.4 Fragmentering og ressursutfordringar i reiselivet

Frå fragmentering til felles kraft – slik styrker me Sunnhordland som reisemål.

For å utvikla Sunnhordland til eit samla og slagkraftig reisemål, må me ta eit aktivt grep om utfordringane som i dag skapar fragmentering i regionen. Når kommunar og reiselivsaktørar fordeler si tilknyting mellom fleire destinasjonsselskap, blir ressursar, merksamd og innsats spreidd. Dette svekkjer vår posisjon i marknaden og gjer det vanskelegare å byggja ein sterkt, tydeleg identitet for Sunnhordland.

Me må aktivt samla kreftene våre.

Det betyr å:

- **Skapa ei felles forståing** av kva Sunnhordland er som reisemål, og kva vi ønskjer å stå for i møte med gjestene våre.

- **Forankra samarbeidet djupare** mellom kommunar og næringsliv, slik at alle drar i same retning.
- **Fordela roller og ansvar tydeleg** mellom destinasjonsselskap, slik at me unngår dobbeltarbeid og styrkar effektiviteten.
- **Samla og styrka ressursbruken**, både økonomisk og organisatorisk, for å kunna satse tydeleg på produktutvikling, marknadsføring og besøksforvaltning.

Ved å ta grep, tenkja felles og investera meir samla, kan me løfta Sunnhordland til å bli eit endå meir attraktivt og synleg reisemål – både for gjestene våre og for oss som bur og verkar her.



6. Suksesshistoriar



Foto over © Henriette Lien for Viisit Sunnhordland



© Moster 2024

6.1 Resertifisering av Sunnhordland som Berekraftig Reisemål

I 2024 vart Sunnhordland resertifisert som Berekraftig Reisemål etter ein grundig ekstern gjennomgang. Dette stadfestar at regionen arbeider systematisk og langsiktig med berekraftig utvikling, og at forankringa i både næringsliv og kommunesamarbeid har styrka seg sidan første sertifisering i 2021.

Resertifiseringa er eit viktig signal til både innbyggjarar, gjestar og samarbeidspartnarar om at Sunnhordland er ein region som tek berekraft på alvor. Den nye destinasjonsleiainga som blei etablert våren 2025, med representantar frå næringsliv, kommunar, frivillig sektor og hamner, vil vidareføre arbeidet på ein strategisk og koordinert måte.

Resertifiseringa har også blitt formidla gjennom pressemelding, lokalpress og medlemskommunikasjon, og vert løfta fram i profileringa av Sunnhordland som heilskapleg reisemål.

[Lenke til nyheitsartikkel på regionsunnhordland.no](#)

6.2 Moster 2024 – kulturarv som drivkraft for berekraftig utvikling

Moster 2024, jubileumsåret for 1000-årsmarkeringa av kristninga av Noreg, har vore eit stort kulturløft for Bømlo og Sunnhordland. Prosjektet har mobilisert lokalt engasjement, og gitt store ringverknader for kultur, reiseliv og identitet i regionen.

Prosjektet har sett Moster Amfi og Bømlo Teater i sentrum for nasjonal og internasjonal merksemd, med eit variert og innhaldsrikt program gjennom heile året. Arrangementa har kombinert historieformidling med moderne kunst, musikk og framsyningar – og bidratt til auka gjestedøgn, styrkt lokalt samarbeid og utvikla nye produkt i reiselivet.

Berekraftperspektivet er integrert gjennom formidling av kulturarv, bruk av lokale aktørar, og fokus på verdiskaping som kjem både lokalsamfunn og framtidige generasjonar til gode.

[Lenke til NRK sak om Moster 2024](#)

6.3 Sherpatrapp til Langfoss – Åkrafjorden Oppleving

Åkrafjorden Oppleving har i 2024 starta eit ambisiøst og berekraftig løft for tilrettelegging av vandreopplevingar i området rundt den ikoniske Langfoss – ein av Noregs høgaste og mest spektakulære fossar. Gjennom samarbeid med sherpae frå Nepal og lokalt næringsliv, er det starta bygging av ei trapp som skal gjera turen tryggare og meir tilgjengeleg, samstundes som naturen blir betre verna mot slitasje.

Prosjektet er eit eksempel på korleis bærekraftig turisme kan utviklast gjennom kvalitet, kulturutveksling og vern av natur. Det har fått merksemd i både media og sosiale kanalar, og er eit førebilete for andre destinasjonar som ønskjer å balansere auka besök med langsiktig naturforvalting.

[Lenke til sak om sherpatrapp](#)



Foto over © Fjord Norway

7. Formidling av rapporten

Formidlinga av denne berekraftrapporten planleggast gjennomført slik:

Rapporten presenterast for destinasjonsleiinga i Visit Sunnhordland i mai 2025.

Rapporten publiserast på Region Sunnhordlands nettside under rapportar, der vil den vere nedlastbar.

Rapporten blir delt med medlemmer, eigar kommunar med administrasjon i nyheitsbrev i mai 2025



T: 966 34 913

E: info@visitsunnhordland.no

Postadresse:
Visit Sunnhordland
Postboks 444
5403 Stord

Besøksadresse:
Vabakkjen 6, Stord

Web: regionsunnhordland.no